

Lærdal kommune

## Detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken avkøyrsler og lokalvegnett

### Planomtale

Planid:.....



Oppdragsnr.: 5188619 Dokumentnr.: 03 Versjon: E03  
2019-10-04

**Oppdragsgjevar:** Lærdal kommune  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Monika Lysne  
**Rådgjevar:** Norconsult AS, Campus Fosshaugane, Trolladalen 30, NO-6856 Sogndal  
**Oppdragsleiar:** Jon Ove Lomheim  
**Fagansvarleg:** Jon Ove Lomheim  
**Andre nøkkelpersonar:** Johannes Myrmel; Iren Meisterplass; Cornelis Erstad; Ann Sissel Heilevang

E03	2019-10-04	Til politisk handsaming	CE	JOL	JOL
D02	2019-10-03	Førebels plan til godkjenning	CE	JOL	JOL
D02	2019-10-03	Førebels plan til godkjenning	CE	JOL	JOL
A01	2019-08-06	Til intern handsaming	IrHMe	JOL	JOL
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Samandrag

Norconsult har på oppdrag frå Lærdal kommune utarbeida framlegg til planomtale og føresegner for detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken avkøyrslar og lokalvegnett, i Lærdal kommune. Planen er utarbeidd i samsvar med §12-3 i Plan- og bygningslova.

Planen sikrar løysingar for framtidig E16 og nye kryss langs eksisterande E16 forbi næringsområda i området med ny lokalveg sør for E16.

Nøkkelopplysningar	
Kommune	Lærdal
Plannamn	RV5/E16, Håbakken avkøyrslar og lokalvegnett
Eigedomstilhøve	Sjå kapittel 4.4
Gjeldande planstatus (kommune-/reguleringsplan)	Områdereguleringsplan for Håbakken – delområde I, mfl.
Forslagsstillar	Lærdal kommune
Grunneigarar (sentrale)	Statens vegvesen
Hovudføremål med planen	Leggje til rette for tilkomst til eksisterande og planlagde utbyggingar i området
Planområdet i areal	28,4 daa
Aktuelle problemstillingar	Trafikale tilhøve langs E16
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	Nei
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	Nei
Kunngjering av planoppstart	18.12.2018
Første gangs handsaming av planframlegg	16.10.2019
Informasjonsmøte halde (j/n)	08.01.2019

# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>6</b>
1.1	Målet med planarbeidet	6
<b>2</b>	<b>Planprosess</b>	<b>7</b>
2.1	Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing	7
2.2	Oppstart av planarbeidet	7
2.3	Dialog med Statens vegvesen	7
2.4	Innspel til planoppstart og til utvida planområde	7
<b>3</b>	<b>Rammer og retningslinjer for planarbeidet</b>	<b>8</b>
3.1	Overordna planverk	8
3.2	Gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet	9
<b>4</b>	<b>Planområdet - dagens situasjon</b>	<b>12</b>
4.1	Lokalisering	12
4.2	Eksisterande område og bygningsstruktur	12
4.3	Eksisterande vegsystem	13
4.4	Eigedomstilhøve	13
4.5	Tilgrensande areal og eigedomar	14
4.6	Terreng, landskap og vegetasjon	14
4.7	Flaum	16
4.8	Grunntilhøve	17
4.9	Skredfare	18
4.10	Naturmangfald	19
4.11	Kulturminner	19
<b>5</b>	<b>Skildring av planframlegget</b>	<b>20</b>
5.1	Planområdet	20
5.2	Bustadareal, næringsareal og areal for offentleg tenesteyting	20
5.3	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	21
5.4	Arealbruk	23
5.5	Vatn, avlaup og overvatn	23
<b>6</b>	<b>Verknader av planen</b>	<b>24</b>
6.1	Støy	24
6.2	Flaum	24
6.3	Orienterings- og rørslhemma (universell utforming)	24
6.4	Trafikk	24

---

6.5	Grunntilhøve	25
6.6	Naturmangfaldslova (NML)	25
<b>7</b>	<b>Risiko- og sårbarhetsanalyse</b>	<b>26</b>
<b>8</b>	<b>Innkømne merknader til planoppstart</b>	<b>27</b>
8.1	Innspel til planoppstart og varsla utviding av planområdet	27
<b>9</b>	<b>Dialog med Statens vegvesen</b>	<b>31</b>
<b>10</b>	<b>Referansar</b>	<b>32</b>
	<b>Vedlegg</b>	<b>33</b>

# 1 Innleiing

Reguleringsplanen fastslår løysingar for tilkomst til næringsområde og eigedomar ved Håbakken, på begge sider av E16, frå rundkøyringa mellom E16 og Rv.5 til forbi næringsområdet, eit strekke på tilnærma 650 meter.

Planframlegget femnar om delstrekninga frå rundkøyringa Rv 5/E16 og sør-austover E16 langs Håbakken Næringspark der det skal etablerast ny tilkomst til næringsparken på nordsida og ny passeringslomme på sørsida. E16 er gitt ei linjeføring med vegbreidd som samsvarar med opparbeidd veg.

Lokalvegnettet sør for E16 er òg ei vidareføring av noverande opparbeidd og regulert arealbruk, men med mindre justering av linjeføring. Avkøyrsla frå E16 til Tønjum grendahus (kalla Tinghall) og naboeigedommar er føresett stengt for å etablere nytt vegkryss og tilkomst til næringsområde på nordsida.

I planen er det sett av areal slik at ny E16 med tilkomst til Håbakken næringspark kan opparbeidast med utgangspunkt i vedteken plan og kommunedelplan Tønjum - Ljøsne. For den framtidige vegen som ikkje er regulert er det lagt til grunn vegklasse H1 ( Statens vegvesen, Handbok N100/2019).

Planarbeidet vert vurdert til å ha normalt konflikt- og kompleksitetsnivå. Samla vert det vurdert at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

## 1.1 Målet med planarbeidet

Målet med planarbeidet er å fastlegge korleis tilkomst til eigedomane begge sider av E16 skal løysast, i høve til eksisterande E16.

Målet med planarbeidet er også å sikre løysingar og areal slik at utvikling av næringsområda ikkje vert til hinder for planlagt framtidig E16.

## 2 Planprosess

### 2.1 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juni 2017, § 4 skal forslagsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gitt av forslagsstillar skal ansvarleg mynde (Lærdal kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta.

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram. Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta. Det er ikkje krav om planprogram for planer som fell innanfor verkeområdet til § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan. Storleik til planområdet er avgrensa og lokalisering ligg langs og inntil eksisterande vegar. Planen skal vere tiltaksretta. Den legg ikkje til rette for tiltak i vedlegg I til forskrifta. Planarbeidet vart vurdert til ikkje å felle innanfor verkeområde til § 6 i forskrifta.

Detaljreguleringsplanen skal legge til rette for å etablere nytt kryss til næringsområde ved Håbakken og å bygge om og etablere ny tilkomst for lokalveg på sørsida av E16 for å stenge avkøyrslser slik at det berre ei felles avkøyrslser.

Området vart vurdert til å ha «normalt» konflikt- og kompleksitetsnivå. Vår samla vurdering var ut frå ovannemnde at her er det eit planområde der dei særskilde utgreiings og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

### 2.2 Oppstart av planarbeidet

Varsel om oppstart av planarbeidet vart sendt til naboar, grunneigarar, offentlege og private høyringspartar ved brev datert 18.12.2018. Planoppstart vart samtidig kunngjort i Sogn avis og på kommunen sine nettsider. Det vart annonsert og gjennomført informasjonsmøte/ grunneigarmøte 08.01.2019. Frist for merknader var 18.01.2019.

Lærdal kommune har slutta seg vurderingane i kapittel 2.1 og er samd i at tiltaka i reguleringsplanen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### 2.3 Dialog med Statens vegvesen

Det har heilt frå planoppstart desember 2018 vore tett dialog med vegvesenet med fleire møter og e-postkorrespondansar i tillegg til telefon. Denne prosessen går fram av kapittel 9.

### 2.4 Innspel til planoppstart og til utvida planområde

Til melding om oppstart og varsel om utvida planområde kom det inn 10 innspel, desse er summert og kommentert i kapittel 8. Det er ikkje stilt varsel om motsegn til planarbeidet.

Mottekne merknader ligg i sin heilskap i vedlegg D.

## 3 Rammer og retningslinjer for planarbeidet

Planarbeidet er å detaljregulere eksisterande E16 frå rundkøyringa ved Håbakken og austover forbi næringsområdet med bakgrunn i eksisterande situasjon og godkjent reguleringsplan. Samtidig skal løysingane sikre at framtidig utbetring av E16 kan gjennomførast innanfor rammer i reguleringsplanen.

Det overordna lokale plangrunnlaget er:

- Arealdel til kommuneplan for Lærdal kommune, sist revidert 1995.
- Samfunnsdel til kommuneplanen for Lærdal kommune, vedteke 13.12.2018
- Kommunedelplan Tønjum-Ljøsne for ny E16, vedteken i 2011
- Områdereguleringsplan for Håbakken – delområde 1, vedteke 23.11.2017

### 3.1 Overordna planverk

#### Regionale føringar

I tillegg til lokale føringar, ligg det føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statleg planretningslinjer. Dei viktigaste føringane for planarbeidet er knytt til trafikktryggleik og framkomst.

#### Samfunnsdel til kommuneplanen

Samfunnsdelen til Lærdal kommune er nyleg vedteken og har prioritert å utvikle Håbakken næringspark, mellom anna ved å:

- Sette av tilstrekkeleg med næringsareal. Ha ferdig regulert næringsareal til ein kvar tid.
- Leggje til rette for sentrum- og tettstadutvikling for å gjera Lærdal meir attraktiv som bustadkommune og for etablering av næringsverksemd.

#### Kommunedelplan Tønjum-Ljøsne for ny E16

Vedteken kommunedelplan fastslår at E16 skal ligge i eksisterande trase forbi Håbakken. E16 skal byggast som H4-veg med fartsgrense 80 km/t.

Den auka standard på vegen fører til at vegen skal breiddeutvidast. I tillegg er det krav om at det nye næringsområdet i aust koplast til E16 med eit kanalisert kryss.


Utbetring av E16 er ikkje inne i Nasjonal Transportplan 2018-2029 og såleis vart framtidig E16 ikkje lagt til grunn i denne detaljreguleringsplanen.





### 3.2.2 Områdereguleringsplan for Håbakken – delområde 2


Delområde 2 har felles planavgrønsing med nord-vestlege plangrense for delområde 1. Målet med planarbeidet for delområde 2 var å etablere fleksible rammer som både opnar for alt frå lager-, logistikk til større areal og transportkrevjande verksemdar samt industri.



Figur 2 Skjermdump av områdereguleringsplan for Håbakken - delområde II

### 3.2.3 Reguleringsplan Tønjum, revidert i 2007

Planen la til rette for næringsutvikling på Håbakken, bustadar, barnehage og utbetring av E16. Revisjonen med to nye delplanar, Håbakken 1 og 2, er gjort for å betre trafikktryggleiken for eit større område sør-austover til grense med «prestgarden» (Opplysningsvesenets fond sin eigedom).




Figur 3 Skjermdump av reguleringsplan Tønjum

## 4 Planområdet - dagens situasjon

### 4.1 Lokalisering

Planområdet er lokalisert i Lærdal, rett aust for innslag til Lærdalstunnelen, ca. 5 km aust for Lærdal sentrum.



Figur 4 Kart som viser lokalisering av planområdet, langs E16, ved Håbakken i Lærdal

### 4.2 Eksisterende område og bygningsstruktur


Realisering av nytt næringsområde, i samsvar med reguleringsplanen, føreset riving av eit bustadhus med tilhøyrande garasje langs nordsida av E16 og eit uthus som vart rive i samsvar vedteken områdeplan for Håbakken, delområde 1.

Områda regulerte til næring gjennom områdereguleringsplan for Håbakken – delområde I, sjå kapittel 3.2.1, er under detaljplanlegging og utbygging. Areal er delvis fylte opp, i tråd med vedteken reguleringsplan.

Område mellom desse areala og rundkøyringa, på nordsida av E16, er nytta til tilkomstvegar, busshaldeplass, kontrollstasjon til Statens vegvesen og kafé.

Langs sørsida av E16 er det landbruksareal, bustader og eit grendahus («Tinghall»).

### 4.3 Eksisterande vegsystem



Figur 5. Kartet (norgeskart.no) som viser lokaliseringsplanområdet, ved E16 og rv.5, på Håbakken.

Planområdet ligg på Håbakken, søraust for rundkøyringa mellom rv. 5 og E16.

Det er eit kryss på strekninga som gir tilkomst til busshaldeplass, næringsområde, Statens vegvesen sin trafikkstasjon og private eigedomar i dette området.

For resten av eigedomane på nord-austsida av E16 er det i dag avkøyrslser, som blant anna sikrar tilkomst til eksisterande næringsseigedomar og ein drivstoffstasjon for tunge køyretøy.

På nord-vestsida av E16 er det avkøyrslser som koplpar lokalveg til E16 i eit vegkryss.

Det er ikkje eit gjennomgåande tilbod for mjuke trafikantar på denne strekninga (på nordsida).

På sørsida av E16 er det gjennomgåande tilbod for mjuke trafikantar på heile strekninga med kombinert gang- og sykkelveg og tilkomstveg.

### 4.4 Eigedomstilhøve

Alle eigedomar innanfor planområdet er lista opp i tabell 1.

Tabell 1: Oversikt over eigedomar som er omfatta av reguleringsplanen

Gards- og bruksnummer			
16/6	16/11	16/12	16/17
16/19	16/27	16/28	16/34

Gards- og bruksnummer			
16/52	18/16	18/19	18/21
18/27	18/28	18/31	18/34
18/37	18/38	18/40	18/41
19/12	19/32		

#### 4.5 Tilgrensande areal og eigedomar

Mot sør grensar planområdet til landbruksområde med nokre gardstun på vestsida av E16. Unntak er at planen grensar til «prestgarden» i aust.

På nordsida av E16 grensar planområdet til areal som blir bygt ut til offentlege eller private formål eller næringsområde i vedteken reguleringsplan i 2017.


#### 4.6 Terreng, landskap og vegetasjon

Lærdalsdalen er nokså flat, der Lærdalselvi svingar seg roleg gjennom landskapet i midten av dalen. Langsetter fjellfoten, på begge sider av dalen, ligg det større og mindre rasurer. Den flate dalbotnen er prega av intensivt jordbruk på store flater.

Sjølve planområdet har mykje eksisterande vegar og anna vegareal. Samtidig ligg eksisterande E16 i eit ope landskap med godt utsyn til omgjevnadane slik det går fram av Figur 6.



Figur 6. Biletet viser utsyn mot fjellsidene i den breie dalen, ved eksisterande kryss til kafe og kontrollstasjon til vegvesenet. (Henta frå Google maps)



Figur 7. Biletet viser eksisterande mur langs eksisterande lokalveg (Henta frå Google maps).

Langs lokalvegen sør for E16 er høgdeskilnad mellom veg og jordbruksareal avgrensa med ein mur, slik det går fram av Figur 7. Dette er eit fint element i området med avgrensing mot landbruksområdet ovanfor vegen.



Figur 8. Biletet viser eksisterande rabatt mellom E16 og kontrollstasjonen til Statens vegvesen (Henta frå Google maps)

Mellom E16 og busshaldeplass og kontrollstasjon til Statens vegvesen er det ein brei rabatt, slik det går fram av Figur 8.



Figur 9. Biletet viser nytt etablert næringsområde vest for E16 som er under vidare opparbeiding, i tråd med vedteken reguleringsplan (Henta frå Google maps).

Aust for kontrollstasjonen er området under endring, ved at større areal regulerte til næringsområde er i ferd med å bli heva opp til nær høgda til E16, slik det går fram av Figur 9. Lengst aust i det nye næringsområdet skal det tilpassast eksisterande næringsområde,.

## 4.7 Flaum

Det er gjennomført flaumsoneberekningar for Lærdalselvi på strekka forbi Håbakken Næringspark og for Kjerringjel som renn gjennom planområdet.

Det er gjort berekningar både ved (1) eksisterande situasjon og (2) oppfylt og byggeklart terreng, der krava til tryggleik for plassering av bygg/tiltak er ivareteke.

For areala langs **Lærdalselvi** er det etablert modell for vasslinjeberekningar for 21 tverrsnitt fordelt på ei strekke på 2,5 km. Planområda femnar om 7 av snitta/profila.

Tabell 2.1: Teoretisk flaumtrygt nivå berekna av Asplan Viak.


Snitt/Pæl	Flaumsikringsnivå		Flaumsikre nivå moh. (NN1954)**
	Ny situasjon 200 år*	Ny situasjon 200 år + klima	
1824	29,39	30,34	+ 30,5
1780	28,77	29,43	
1653	27,88	28,37	
1628	27,79	28,32	
1575	27,57	28,07	+ 28,5



Snitt/Pæl	Flaumsikringsnivå		Flaumsikre nivå moh. (NN1954)**
	Ny situasjon 200 år*	Ny situasjon 200 år + klima	
1330	26,35	26,57	+ 27,0
1100	24,93	25,26	+ 25,5

\* Lågaste nivå som tilfredsstillar krava i TEK10.

\*\* Tilrådd høgd i vurderinga som er utarbeidd av Asplan Viak i 2016.



Figur 10 Snitt/profil langs Lærdalselvi som er nytta i flaum og vasslinjeberekningane, utarbeidd av Asplan Viak i 2016.

Flaumsoneberekninga syner at eventuelle flaumhendingar i Lærdalselvi ikkje vil ha direkte påverknad på areala innanfor denne reguleringsplanen.

#### 4.8 Grunntilhøve

NGU sitt lausmassekart, ref. (NGU, u.d.), viser at det er elveavsetning i planområdet. Dei elveavsette massane er dominerte av sand og grus, og mektigheit på lausmassne er forventa å være store (Kjelde «Geoteknisk prosjekteringsrapport NO»).

Tilgrensande næringsareal er lokalisert på ei flate. Marin grense er på ca. 125 moh. Under denne grensa er det elveavsetningar. Dette er materiale som er frakta og avsett av elvar og bekkar. Sand og grus dominerer, og materialet er sortert og runda. Finkorna flaumlåg førekjem i overflata på elveavsetningane.

Statens vegvesen har gjennomført fleire grunnundersøkingar ved området. Det vart i 1994 gjennomført grunnundersøkingar nær området (vegvesen, 1994). Desse grunnundersøkingane viser lagra massar med enkelte lausare lag ned til 10 meter djupne. Dei faste massane består av stein og grusig sand med enkelte lag av finsand / silt. Dei lausare laga kan ha større innhald av silt. Rapporten konkluderer med at det truleg kan lagrast store mengder massar på næringsområdet.


## 4.9 Skredfare

NGI har utarbeidd skredfarekartlegging. Det er utarbeidd kart med faresoner. Faresonekartet syner skred soner med årleg sannsyn 1/100, 1/1000 og 1/5000.

Deler av lokalvegen innanfor området samt eksisterande bustad- og del av område sett av til offentlig eller privat tenesteyting er lokalisert innaføre område for flaum- og jordskred med årleg sannsyn  $\geq 1/5000$ .

Område sett av til offentlig eller privat tenesteyting (BOP) er lokalisert delvis innanfor faresona for flaum- og jordskred, men bygget er plassert utanfor faresona for flaum- og jordskred med årleg sannsyn  $\geq 1/5000$ .

Faresonene for desse aktuelle områda er teikna i plankartet og tilhøyrande føresegner avgrensar moglege bruk i samsvar med sikringsklassane (S) som er definert i TEK17, §7-3.



Figur 11 Faresonekart utarbeidd av NGU

#### 4.10 Naturmangfold

Det som vert råka av vegetasjon er dyrka opp, som del av innmark eller i grøntområde knytt til veganlegg.

I følge fylkesatlas (4, u.d.) er det ikkje naturvernområde eller viktige naturtypar i planområdet.

Det er ikkje registrert raudlista eller svartelista artar i artsdatabanken (vegvesen, 1994; vegvesen, 1994; vegvesen, 1994) i planområdet.

#### 4.11 Kulturminner

Det er 1 SEFRAK-registrert hus innanfor planområdet. Dette er bustadhuset på eigedom 16/34. (Kjelde Miljøstatus.no). Det er også registrert fleire SEFRAK-registrerte hus nær planområdet.



Figur 12 Bustadhus på g/bnr. 16/34 som er registrert i SEFRAK-databasen

Det er ingen freda bygningar i eller nær inntil planområdet.

Retten sør-aust for planområdet er det spor etter busetnad frå Bronsealder – jernalder. Her ligg også Lærdal prestegard. Desse to områda er freda.

## 5 Skildring av planframlegget

### 5.1 Planområdet



Figur 13 Kartet viser planavgrensing for framlegg til reguleringsplan

Planområdet er tilnærma 28 daa.

Kartet i Figur 13 syner det utbygde området nord for E16 med mellom anna busshaldeplass, kontrollstasjon til Statens vegvesen og nytt næringsareal under opparbeiding aust for trafikkstasjonen. Sør for E16 er området prega av landbruksområde med spreidd busetnad, ein næringseigedom og eit grendahus.

### 5.2 Bustadareal, næringsareal og areal for offentleg tenesteyting

Bustadføremålet innanfor g/bnr. 16/34 er ikkje tidlegare regulert. Denne reguleringsplanen gjev ikkje rettar eller innskrenkingar for føremålet utover det som allereie går fram av dei generelle reglane i plan- og bygningslova. Nye tiltak utover unntaksreglane i lova måtte heimlast i eigen reguleringsplan eller eventuell dispensasjonshandsaming, dette vil vere ei eiga avklaring mellom kommunen og tiltakshavar.

Næringsområdet langs nordsida av E16 er del av eit større næringsområde regulert gjennom gjeldande reguleringsplan for Håbakken. Føremåla for desse areala vert ikkje endra som følgje av denne reguleringsplanen. Byggjegrænse på 25 meter er innanfor føremålet tilpassa framtidig senter veg for E16.

Føremålet offentlig tenesteyting innanfor g/bnr. 16/11 er ikkje tidlegare regulert. Bygningen og parkeringsarealet vert nytta til forsamlingshus. Denne reguleringsplanen gjev ikkje rettar eller innskrenkingar for føremålet utover det som allereie går fram av dei generelle reglane i plan- og bygningslova. Nye tiltak utover unntaksreglane i lova måtte heimlast i eigen reguleringsplan eller eventuell dispensasjonshandsaming, dette vil vere ei eiga avklaring mellom kommunen og tiltakshavar.

### 5.3 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

#### Eksisterande E16

Reguleringsplanen fastset plassering og form til eksisterande E16, køyrebaner, skuldrar og rekkverksrom.

#### Framtidig E16

For å fastlegge naudsynt arealbehov for ny E16 er denne vegen prosjektert frå rundkøyringa mellom rv.5 og E16 til forbi planområdet i aust. Dette går fram av vedlagde teikning C-001. Framtidig E16 inkluderer venstresvingfelt til to av kryssa på strekninga.

Prosjektert ny E16 har vore styrande for plassering til lokalvegen sør for E16, ved at denne er plassert langt nok vekk frå eksisterande veg slik at denne ikkje treng flyttast når ny E16 skal byggast.

Det går fram av lengdeprofilen på teikning C-001 at ny E16 vil avvike frå høgda til eksisterande E16. Dette er for å oppfylle krav til minimum fall til stamveg, og såleis sikre god avrenning av overvatn. Dette fører til at ny E16 vert liggande høgare enn eksisterande E16 vest for nytt kryss til næringsområdet. Det er difor lagt inn ekstra areal for rekkverk langs ny E16 mot næringsområdet i tilfelle det vert behov for det.

Sør-aust for den nye krysset (forbi Slinde Transport) vert framtidig veg lågare enn eksisterande E16.

#### Oppretthalding av eksisterande kryss på sørsida

Eit eksisterande kryss gir tilkomst til blant anna busshaldeplassen og Statens vegvesen sin kontrollstasjon. Krysset vert regulert med eksisterande utforming.

Tilkomst til alle eigedomane på sørsida av E16 er samla i eit eksisterande kryss. Dette vegkrysset (avkjøyringa) får så liten trafikk at det ikkje vert krav om venstresvingfelt. Krysset er dimensjonert for lastebilar. Vegkrysset er flytta om lag 15 meter vestover for å sleppa ta igjen eksisterande natursteinsmur.

Krysset får berre mindre justering i høgda når ny heva E16 skal byggast, sjå vedlagde teikning D-001.


#### Nytt kryss til nytt næringsområde

I tråd med gjeldande reguleringsplan er området aust for E16 og sør for Statens vegvesen sin trafikkstasjon, regulert til næringsområde. Tilkomst (sekundærvegen) til dette næringsområdet frå E16 blir ikkje endra i ny reguleringsplan.

Det nye krysset (avkjøyringa) til næringsområdet Slinde Transport er ein del av, vert flytta om lag 11 meter nordvest i høve gjeldande reguleringsplan. Justeringa er utført for å sikre at eksisterande bruk ved og rundt eksisterande bygning til Slinde transport kan oppretthaldast.

Ved det nye krysset er det regulert areal til ei passeringslomme. Såleis kan trafikk som skal rett fram, forbi krysset, passere på høgre side av bilar som ventar på å svinge til venstre (til næringsområdet). I hht. Handbok N100 «Veg – og gateutforming» er passeringslomme ved kryss ei breiddeutviding av høgre side til gjennomgåande veg på E16.

Breiddeutvidinga skal vere minst 3,0 meter brei og minst 30 meter lang, sjå Figur 14 til planomtalen.



Figur D.9: Passeringslomme (mål i m)

Figur 14 viser prinsipp for utforming av passeringslomme ved kryss, frå Handbok N100

### Tilkomst til eigedomar

Dei to kryssa langs nordsida av E16 sikrar tilkomst til alle eigedomar i dette området. Eksisterande avkøyrslser og kryss inn på E16 som ikkje går fram av denne reguleringsplanen skal fjernast.

På sørsida av E16 er lokalvegane samla i eitt nytt kryss som ligg 15 meter lenger vest enn det opphavlege. Flyttinga medfører ei vesentleg rimelegare løysing.

Det utbetra krysset med lokalveg sikrar tilkomst til alle eigedomane sør for E16, frå rundkøyringa til eigedomsgrensa til «prestgarden» (Opplysningsvesenets fond).

Frå krysset og søraustover langs E16 er lokalvegen utbetra til 6,5 m breidde, i tillegg kjem eit 0,75 m breitt rekkverksrom der det er trong for rekkverk.

### Funksjonell- og miljømessig kvalitet

Ny lokal veg langs vestsida av E16 er plassert slik at det ikkje er naudsynt å gjere inngrep i eksisterande mur, sjå muren på biletet på Figur 7. Dette er eit fint element i området som avgrensar mot landbruksområdet ovanfor vegen.

Forbi eigedom 16/11 er annan offentleg veggrunn ført heilt til eigedomsgrensa med naboeigedom. Dette er for å sikre areal til framtidig gangveg og at eksisterande avkøyrslse kan stengast.

## 5.4 Arealbruk

Tabell 2: Oversikt over arealbruk og areal.

Hovudformål	Formål	Areal
Bygningar og anlegg	Bustad (B)	0,1 daa
	Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)	1,6 daa
	Næringsbygningar (BN)	4,1 daa
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (SKV)	10,5 daa
	Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,1 daa
	Annan veggrunn – grøntareal (SVG)	10,8 daa
Landbruks- natur og friluftsområde, samt reindrift	Landbruk (LL)	1,2 daa
<b>Totalt</b>		<b>28,4 daa</b>

## 5.5 Vatn, avlaup og overvatn

Det er ikkje vurdert nyanlegg for vatn og avlaup.

Det vert føresett at all infrastruktur i grunnen vert oppretthalden, og at overvasshandteringa for nye veganlegg vert tilpassa eksisterande OV-system.

I samsvar med vassforskrifta er det i føresegnene lagt til grunn at ev. inngrep i bekkar må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet. Utbygginga skal ikkje gjere miljøtilstanden i Kjerringjel og Lærdalselva dårlegare.

## 6 Verknader av planen

Å få fastlagt korleis tilkomst til området skal løysast i høve til eksisterande E16 er viktig i høve til planlagt utvikling av næringsområde i området.

Ved å ta omsyn til arealbehov for framtidig E16 sikrar ein at tiltak planlagt og bygt ut no, ikkje vert råka av framtidig utbetring av E16.

### 6.1 Støy

Retningslinene for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, klargjer 2 støysoner, ei gul vurderingssone og ei raud restriktiv sone. Sonene synleggjer at støy må vere tema i planer for ny støyømfintleg bygnad (bustader, fritidsbustader, skular, barnehagar, mv.) i området.

Tabell 3: Kriterium for soneinndeling i samsvar med T-1442.

Støykjelde	Støysone			
	Gul sone		Raud sone	
	Utomhus støynivå	Utomhus mellom kl. 23 – 07	Utomhus støynivå	Utomhus mellom kl. 23 – 07
Veg	55 L <sub>den</sub>	70 L <sub>5AF</sub>	65 L <sub>den</sub>	85 L <sub>5AF</sub>

Som del av det tidlegare områdeplanarbeidet for Håbakken (delområde 1 og 2) vart trafikkmengda og støytillhøva berekna. Dette planframlegget endrar ikkje føresetnadane for den framskrivne ÅDT som ligg i den tidlegare vurderinga. Dei kartlagde støysonene frå områdeplanarbeidet er difor lagt til grunn som omsynssoner i plankartet.

### 6.2 Flaum

Frå ROS-vurderinga går det fram at det ikkje ligg føre planer om endring av arealbruken i område langs Kjerringjel. Bekken skal gå open som ein flaumveg og kryssingane av E16 samt lokalvegen vert ikkje endra.

### 6.3 Orienterings- og rørslehemma (universell utforming)

Det er krav til universell utforming av bygning og anlegg.

I denne planen er det ikkje element som krev universell utforming.

### 6.4 Trafikk

Som del av det tidlegare områdeplanarbeidet for Håbakken (delområde 1 og 2) vart trafikkmengda og støytillhøva berekna. Dette planframlegget endrar ikkje føresetnadane for den framskrivne ÅDT som ligg i den tidlegare vurderinga.



## 6.5 Grunntilhøve

NGU sitt lausmassekart og grunnundersøkingar i området viser at grunntilhøva er elveavsetning, sjå kapittel 4.8.

Grunntilhøva gir gode fundamenteringsmassar, og planlagde tiltak kan byggast utan grunnforsterkande tiltak.

## 6.6 Naturmangfaldslova (NML)

Mål og prinsipp i Naturmangfaldslova (NML) skal vurderast i alle reguleringsplanar, og skal ligge til grunn for utarbeiding og vedtak av planen.

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belastning m.m.).

Formålsparagrafen (§1) i lova har slik ordlyd:

*«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»*

### NML §8 om kunnskapsgrunnlaget og effekt av påverknader

Vedtak som råkar naturmangfaldet skal bygge på vitenskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Det er henta inn kunnskap om naturmiljø i tilgjengelege kjelder, sjå kapittel 4.10 Naturmangfald. Området er tidlegare omdisponert og teke i bruk til utbygging. Det er ikkje kome fram informasjon om at det er naudsynt å gjere tilleggsvurderingar/registreringar gjennom dette planarbeidet.

Vår vurdering er at kunnskapsgrunnlaget som er brukt og som vert lagt til grunn for vurderingane og omsyn til naturmiljøet, jf. kapittel 4.10, står i rimeleg høve til faren for skade på naturmangfaldet.

### NML §9 om føre-var-prinsippet

Føre-var-prinsippet skal nyttast dersom det er lite kunnskap eller fare for irreversible skader.

Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, og at fare for skade på naturmiljøet er lite sannsynleg, slik det går fram av kapittel 4.10.

### NML §10 om samla påkjenning

Vi ventar ikkje at tiltaket vil ha vesentleg verknad for samla påkjenning i området.

### NML §11 om kostnader

Det er ikkje avdekkat at det er naudsynt med tiltak i høve naturmangfald.

### NML §12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det har ikkje kome fram informasjon som inneber at det bør innarbeidast avbøtande tiltak for å unngå mogleg skade på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova. Dette spørsmålet må kommunen vurdere nærmare når uttale frå statlege styresmakter ligg føre.

## 7 Risiko- og sårbarhetsanalyse

Det er utarbeidd ei risiko- og sårbarhetsanalyse til planframlegget. Analysen ligg som vedlegg til planframlegget. Analysen har hatt som formål å gje ei brei, overordna, representativ og vedtaksrelevant framstilling av risiko for tap av verdiar knytt til liv og helse, ytre miljø (forureining) og materielle verdiar.

Analyseområdet står fram generelt som lite sårbart.

Ved detaljprosjektering av tiltak på og langs vegen er det føresett at det vert føreteke fareidentifikasjon og eventuell risikovurdering av dei tekniske løysingane.

Heile analysen går fram av vedlegg C.

## 8 Innkomne merknader til planoppstart

Det kom inn 10 innspel til varsel om planoppstart og til varsel om utvida planområdet. Framleggsstillar (Lærdal kommune) si vurdering av merknadane står i kursiv. Alle innspela kan lesast i vedlegg C.

### 8.1 Innspel til planoppstart og varsla utviding av planområdet

Nr.	Dato	Innspel og merknadar	Kommentar
1.	08.01.2019	<p><b>Slinde Eigedom AS</b> Påpeiker at det er viktig for deira næring at det er tilstrekkeleg romsleg område for å kunne manøvrere med vogntog. Ønskjer at framlegg til ny avkøyring (presentert 08.01.19) vert flytta 20 m mot g/bnr. 18/16 og 19.</p> <p>Utfordringa med den presenterte plasseringa for ny avkøyring er ein stor høgdeskilnad til hovudvegbanan og det vil verte vanskeleg å få tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt drivstoffpumper.</p> <p>Slinde understrekar at dei ønskjer langsiktige løysingar som dei kan halde seg til i eigen utvikling.</p>	<p>Det nye krysset (avkøyringa) til næringsområdet Slinde Transport er ein del av, vert flytta om lag 11 meter nordvest i høve gjeldande reguleringsplan. Denne justeringane er utført for å sikre at eksisterande bruk ved og rundt eksisterande bygning til Slinde transport kan oppretthaldast.</p> <p>Kommunen og Slinde Eigedom AS jobbar framleis med å komme til semje om ulike moment kring ny avkøyrsler og utviding av Slinde Transport på Håbakken.</p>
2.	14.01.2019	<p><b>Statens vegvesen</b> Syner til tidlegare dialog med kommunen og Norconsult om saka og stadfestar at kartvedlegg 1, som følgjer oppstartsvarselet, er i samsvar med godkjenning frå SVV.</p> <p>Kartvedlegg 2 er derimot ikkje i samsvar med tidlegare godkjenning og SVV ber om ei grunngjeving for dette.</p> <p>SVV føreset dialog undervegs i vidare arbeid, inntil reguleringsplan og gjennomføringsavtale er godkjent av kommunen og SVV.</p>	<p>Kommunen vurderte planavgrensinga på nytt i møte 13.03.2019 og reduserte planområde til «kartvedlegg 1» i samsvar med godkjenninga frå vegvesenet.</p> <p>Gjennom arbeidet har kommunen og Norconsult halde dialog med Statens vegvesen og kome fram til foreint planløyning, sjå kap. 9.</p>
3.	14.01.2019	<p><b>NVE</b> NVE har gjeve sin generelle uttale til varsel om planoppstart og understrekar at dersom planframlegget har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha planen tilsendt ved offentleg ettersyn.</p>	<p>Innspelet er teke til orientering.</p>

4.	14.01.2019	<p><b>Tønjum Ungdomslag</b>                  Kring grendahuset er det i dag for lite parkeringsareal. Det er viktig at planarbeidet ikkje forringar deira område, og spesielt ikkje fører til at dei får mindre parkeringsareal enn i dag.</p>	<p>Planframlegget legg ikkje nye føringar for dagens bruk av ungdomshuset og tilhøyrande parkeringsareal.</p>
5.	15.01.2019	<p><b>Arne Harald Tønjum</b>                  Ønskjer at tilkomstvegen er breidd nok til at to bilar kan passere kvarandre, og at større køyretøy har tilgang til Grønsberg sitt areal. Kryssa må også utformast for tilkomst til større lastebilar.</p> <p>Ber om at ein skråning mellom gangvegen og jordet hans vert bytta ut med mur, for å unngå skråning som ikkje vert stelt og å vinne attende landbruksareal.</p> <p>Opplyser om at det ligg ein gamal brønn ved tilkomstvegen som ikkje lenger er i bruk og er fylt att med stein. Det er uklårt kven som har ansvar for å fjerne denne.</p>	<p>Hovudmålet til planarbeidet er å trygge ny avkøyring til næringsområdet på Håbakken, samt justere hovudveglinja i samsvar med framtidig trase for E16. Planen har også samla lokalvegane på sørsida av E16 til ei utbetra avkøyring, som også er tilpassa større køyretøy. Lokalvegen frå ny avkøyring og søraustover langs E16 er utbetra til til 6,5 m breidde. Vidare er avkøyringa frå lokalvegen mot Grønsberg sitt areal utbetra med svingradius for lastebil.</p> <p>Resterande innspel er vurdert å ikkje falle innanfor dei oppgåvene som dette planarbeidet skal løyse.</p>
6.	16.01.2019	<p><b>Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga</b>                  Varslar om krav om arkeologiske registreringar innanfor planområdet for å oppfylle tiltakshavar si undersøkingsplikt, jamfør lov om kulturminne § 9.</p>	<p>Dette kravet vart seinare trekt attende av kulturavdelinga.</p>
7.	17.01.2019	<p><b>Reidar Grønsberg</b>                  Ønskjer at tilkomsten til eigedomane og kryssa vert utforma slik at større lastebilar kan ta seg fram til eigedomen hans.</p> <p>Ynskjer rekkverk mot E16 der eksisterande avkøyrsler til eigedomen hans er i dag. Dette for å auke trafikktryggleiken på vegen hans ved glatt føre.</p> <p>Ynskjer skilt til næringsarealet sitt frå E16/kryss ved E16.</p> <p>Syner til same brønnen som Tønjum (sjå innspel 5).</p>	<p>Sjå samsvarande kommentar under innspel 5.</p>

8.	17.09.2019	<p><b>Grunneigarar på g/bnr. 19/12, 28 og 30</b>                  Ønskjer ikkje at g/bnr. 19/12 skal regulerast og meiner planavgrensinga må vere i samsvar med områdereguleringsplan Håbakken del 1.</p> <p>Eigedomane har ein felles brønn innanfor planavgrensinga i oppstartsvarselet og grunneigarane er uroa for at denne skal verte ureina av salt og anna kjemisk påføringar på og langs vegen.</p> <p>Ønskjer ein betre dialog med kommunen.</p>	<p>Dette planframlegget regulerer ikkje meir areal enn det som tidlegare er regulert i reguleringsplan Tønjum, sist revidert i 2007. Dette planframlegget stadfestar dagens bruk og legg ikkje opp til endringar innanfor g/bnr. 19/12 og har ikkje auka påverknad på den omtala brønnen.</p>
9.	18.01.2019	<p><b>Sogn og Fjordane fylkeskommune, næring og kultur</b>                  Syner til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (juni 2015) som legg vekt på at kulturminne og kulturmiljø er viktige for identitet og tilknytning, og ein ressurs for næringsutvikling.</p> <p>Det vert synt til Tingheim gard (g/bnr. 16/11), Tønjum ungdomshus (g/bnr. 16/11), Samanbygd sauefjøs og løe (g/bnr. 18/16), Haugabakken (g/bnr. 16/34) og Eri (g/bnr. 19/2), som alle er kulturminne innanfor planområdet.</p> <p>Det vert tilrådd at planen ikkje legg til rette for tiltak som kan skade eller endre dei nemnde kulturminna.</p>	<p>Det samanbygde sauefjøsset på g/bnr. 18/16 er allereie rive, uavhengig av dette planarbeidet.</p> <p>Planframlegget legg elles ikkje til rette for tiltak som kan skade eller endre dei nemnde kulturminna.</p>
10.	21.01.2019	<p><b>Fylkesmannen i Vestland</b>                  Syner til skrivet Fylkesmannen sine merknadar til oppstart av reguleringsplanarbeid og legg til grunn at det kjem tydeleg fram av planen korleis relevante punkt er vurderte.</p> <p>Vidare legg Fylkesmannen til grunn at planen sine verknadar på Lærdalselvi med tilhøyrande sideelver (Kjerringgjel) vert vurdert, jf. lakse- og innlandsfiskeloven §§ 1 og 7.</p>	<p>Planframlegget legg ikkje til rette for tiltak som leiar til endring av arealbruken i område langs Kjerringgjel. Bekken skal gå open som ein flaumveg og kryssingane av E16 samt lokalvegen vert ikkje endra.</p> <p>Planframlegget råkar ikkje ved elvekilen nordvest for planområdet eller kantvegetasjonen langs denne.</p> <p>Løysingane for framtidig E16 og kryss og lokalveggar er i hovudsak lagt på grøntområde knytt til eksisterande</p>

		<p>Fylkesmannen føreset at nye tiltak i planen ikkje leiar til negative verknadar for sideelv, elvekile og fiskeinteresser knytt til Lærdalselvi. Dersom tiltaka i planen kan leie til fare for ureining, vert det føreset stilt krav i føresegnene om avbøtande tiltak, som kan hindre dette.</p> <p>Det vert synt til elvekilen nordvest for planområdet og Fylkesmannen føreset at det ikkje vert opna for tiltak/ingrep nær elvekilen eller i kantvegetasjonen som reduserer verdien av denne.</p> <p>Til sist oppmodar Fylkesmannen om at ein ved etablering av nye kryss og lokalvegar prioriterer å velje løysingar som reduserer nedbygging av dyrka jord. Planomtalen må gjere greie for verknadane framlegget har for landbruksinteressene i området.</p>	<p>veganlegg, og berre i svært avgrensa grad lagt på jordbruksareal,</p>
--	--	---	--

## 9 Dialog med Statens vegvesen

Norconsult har på oppdrag frå Lærdal kommune utarbeida framlegg til planomtale og føresegner for detaljreguleringsplan for RV5/E16, Håbakken avkøyrslar og lokalvegnett, i Lærdal kommune. Planen er utarbeidd i samsvar med §12-3 i Plan- og bygningslova.

Behovet for denne reguleringsplan er blitt til fordi vegvesenet meiner gjeldande plan, Håbakken del 1, ikkje i tilstrekkeleg grad tok trafikkale omsyn mot begge sider av E16. Mellom anna er kravet at all tilkomst til eigedommane på sørsida måtte samlast i eit kryss (ei felles avkøyrslar). Målet var å sikra areal både til framtidig E16 etter ny vegnorm samtidig med å finna akseptabel trafikkøyrslar basert på eksisterande E16 forbi næringsområda og ny lokalveg sør for E16. Dette er grunnen til at planavgrensinga er avgrensa til det nødvendig for å sikra vegvesenet sitt mål med planen og for kommunen nødvendig plan for ny tilkomst til næringsområde.

Det har heilt frå planoppstart desember 2018 vore tett dialog med vegvesenet med fleire møter og e-postkorrespondansar i tillegg til telefon.

Som grunnlag for avklaringar har det blitt utarbeidd C- og D-teikningar og det har blitt fleire rundar med revisjonar og supplering av grunnlag. Den siste dialogen med vegvesenet september 2019 var avklaring om arealføremål og byggegrense. Føresegnene har ikkje vore tema slik at desse først kjem til uttale hjå vegvesenet i samband med utlegging til offentleg ettersyn.

## 10 Referansar

4. (u.d.). *Fylkesatlas*. Henta frå <https://www.fylkesatlas.no/>

NGU. (u.d.). *Nasjonal løsmassedatabase*. (Norges geologiske undersøkelse) Henta Juni 01, 2018 frå <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>

Norconsult. (2018). *Håbakken næringsområde. Geoteknisk prosjekteringsrapport. Oppfylling for industriområde, del I*.

Norconsult. (2018). *Kapasitetsvurdering Rv. 5 x Skarparteigvegen*.

vegvesen, S. (1994). *EV 016 HP. Volds bru-Lærdal aust. Tippområde på Tønjum*. Henta frå <https://www.artsdatabanken.no/>



## Vedlegg

Vedlegg A: Reguleringsplanteikningar datert 04.10.2019

Vedlegg B: Føresegner, datert 04.10.2019

Vedlegg C: Risiko- og sårbarhetsanalyse datert 04.10.2019

Vedlegg D: Innspel til planoppstart og varsla utviding av planområdet

Vedlegg E: Plan- og profildeikningar:

- Teikning C-001\_E04 viser framtidig E16 med venstresvingfelt, sist datert 06.05.2019
- Teikning D-001\_E04 viser korleis planlagde og nye vegar vert tilpassa ny E16, sist datert 06.05.2019
- Teikning D-301\_E05 viser korleis planlagde vegar vert tilpassa eksisterande E16, sist datert 05.08.2019
- Teikning D-302\_E05 viser korleis planlagde vegar vert tilpassa eksisterande E16, sist datert 05.08.2019
- Teikning X-001\_E03 viser avtalt grunnlag med vegvesenet for oppteikning av plankart, sist datert 27.08.2019 (endring av plangrense og arealføremål er endra fram til reguleringsplankart datert 04.10.2019)